



KVA SKJER I BYGLAND?

Mars 2023

(med atterhald om endringar)

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
tysdag 07.03.	Bygland og Årdal sokneråd, Ose grendehus	18.00	Folkemøte om midlertidig stenging av Austad kyrkje
	Byglandsheimen	14.00	Andakt
onsdag 08.03.			Kvinnedagen
	Byglandsheimen	11-14	Open dag
fredag 10.03.	Setesdal Sogelag, Hylestad soknehus	18.00	10 års jubileum og årsmøte
sundag 12.03.	Sandnes kyrkje, Åraksbø og grendehus	14.00	Gudsteneste og årsmøte i Bygland og Årdal sokn
onsdag 15.03.	Byglandsheimen	11-14	Open dag
tysdag 21.02.	Byglandsheimen	14.00	Andakt
onsdag 22.03.	Byglandsheimen	11-14	Open dag
	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	17.30	KuToppen – På sporet (tillatt for alle)
		19.30	Shazam! (9 år)
sundag, 26.03.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	19.00	JOHN – Den siste norske cowboy (tillatt for alle)

Aktiviteter til Bygland frivilligsentralen: sjå s. 15-16

Bygland Ungdomsklubb: sjå s. 16



Byglandsnytt nr.43 – mars 2023

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no

Neste utgåve: 31. mars 2023. Send tips innan 27.03. – www.bygland.kommune.no

Opningstider Bygland kommunehus

- **Sentralbord/Publikumsmottaket:** tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- **NAV:** tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- **NAV Bygland:** drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

Bygland legekantor
Sentrum 18, 4745 Bygland

Evje legekantor
Ljosheimvegen 5, 4735 Evje

Opningstider

- **Avdeling Evje**
Mandag til fredag kl. 08.00 - 15.00.
- **Avdeling Bygland**
 - I partallsuker: tysdag, onsdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00.
 - I oddetallsuker: tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00.

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER: tlf. 37 40 79 00

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95

Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

Folkebiblioteket i Bygland tlf. 945 22 025

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	
Stengt i påskeferie 3. – 10. april		

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bygland.kommune.no/innsyn

- **Levekårsutvalet:** 06.03. kl. 09.00
- **Plan, miljø og ressursutvalet:** 07.03. kl. 09.00
- **Formannskapsmøte:** 08.03. kl. 09.00
- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 13.03. kl. 12.00
- **Bygland ungdomsråd:** 13.03. kl. 15.30
- **Kommunestyremøte:** 16.03. kl. 09.00

Kunngjeringar

Sal av kommunen sine aksjar i Nesodden Industribygg AS

På bakgrunn av kommunestyrevedtak i sak 73/22 den 15.12.22, lyser kommunen ut sine aksjar i Nesodden industribygg AS for sal.

I kommunestyremøtet 15.12.22, sak 73/22 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

«Bygland kommune vedtek å leggje kommunen sin del av aksjane i eigedomsselskapet Nesodden Industribygg AS (som eig industribygget og tomte på Nesmoen 25) ut for sal. Kommunen eig 99,17 % av aksjane i selskapet, medan Tredal Eigedom AS eig resten. Val av kjøpar vert bestemt på bakgrunn av ei heilskapleg vurdering der pris, samt kjøparen sin forretningsplan og framtidige planar for utvikling av bygget og eigedomen rundt, er kriteria som vert vektta. Formannskapet vert gjeve fullmakt til å velge kva kjøpar som skal få kjøpe aksjane i eigedomsselskapet eller forkaste samtlege bod etter bodrunden er ferdig. Formannskapet vil også få fullmakt til å godkjenne kontrakten mellom kommunen og kjøpar av aksjane.»

På bakgrunn av dette lyser kommunen ut sine aksjar i Nesodden Industribygg AS for sal. Meir konkrete detaljar om kommunen sine rettigheitar i etterkant av eit eventuelt sal, vil bli konkretisert i ei kontrakt om sal.

Prosessen vil bli lagt opp som følgjer:

- **31. mars:** Frist for innlevering av søknad om kjøp.
- **19. april:** Kommunedirektøren anbefaler den kjøparen som har det beste konseptet og dei beste føresetnadane for å sørge for



Bilete: Nesodden Industribygg.
Fotograf: Bygland kommune

KONG HANES EFTF. Korøving kvar onsdag kl. 19.30, musikkrommet på Bygland skule.



BYGLAND HORNMUSIKK Musikkøving kvar tysdag kl. 18.00, Bygland kulturscene.



FAMILIEBADING symjehallen på Bygland
tysdagar kl. 17.00 – 20.00
fredagar kl. 17.00 – 20.00
Damesymjing: tysdagar 20.00 – 22.00



BADMINTON i Byglandshallen - torsdagar kl. 19.00 – 20.30.
Instruktører: Astrid og Steinar Carlsen / Bygland IL

BOKKAFÉ på biblioteket på Byglandsfjord – tysdagar kl. 12.00

Setesdal Sogelag 10 års jubileum og årsmøte – fredag 10.03., Rysstad



ynskjer velkomen til

10 års jubileum og årsmøte

Fredag 10.mars kl 18.00, Hylestad Soknehus

Kl.18.00: Årsmøte med vanlege årsmøtesaker

Kl.19.00: Servering av setesdalssuppe, eplekaker, kaker og kaffi ved Hylestad Bygdekvinneleg

Kl.20.00: Jubileumsfeiring: Astri Rysstad kåserer om saga til Setesdal Sogelag, Sigrid B Berg kvedar, Eivind Tanche-Larsen Knutsen spelar fele og Svein Kleivane seier soger.

(Sjå årsmelding m.m. på <https://www.facebook.com/groups/setesdalsogelag>)



Bygland filmklubb – søndag 26.03. kl. 19.00

JOHN – Den siste norske cowboy (2021)

Alder: tillatt for alle



YMSE

BYGLAND TURIST- KONTOR på Stoga kulturcafé

Presteneset 10, 4745 Bygland:
sundagar kl. 12.30 – 18.30, kaffe
& meir, tlf. 907 81 105



Bilete: Olav Grendstad

STOGA: BTW Bygland teater workshop

for unge. Kvar torsdag kl. 15.00 – 17.30.
Stoga. Instruktører: Olav Grendstad, Astrid
Carlsen og Karna Emblemsvåg. Eit
samarbeide med Bygland kommune.



**BRYGGA på Presteneset på Bygland
Kompetorsdag** kvar torsdag frå og med kl.
13.00. Bestilling hos Nina, tlf. 932 62 168



BJOREN BRYGGE
I mars

- 02. kompetorsdag
- 04. Solskinnssope 14-21
- 09. kompetorsdag
- 11. Herrelønsj *
- 16. kompetorsdag
- 17. Italiensk Aften*
- 23. kompetorsdag
- 25. Damelønsj *
- 30. kompetorsdag

For andre bestillinger, ring
Nina 93262168

*påmelding

næringsaktivitet og arbeidsplassar i industribygget som selskapet eig, i ei sak som vert sendt til formannskapet for handsaming.

- **26. april:** Formannskapet vedtek om kommune sine aksjar i Nesodden Industribygg AS skal seljast, og eventuelt til kven.

Om søknaden:

Interessantar vert bede om å sende ein søknad og kan bruke vedlagte forretningsplan som mal. Interessentane må og opplyse i søknaden om prisen dei vil betale for aksjane. Interessantar står fritt til å take bort dei delane av forretningsplanen som ikkje er relevante. Bedrifter som søker må kunne vise til solid finansiell berevne og ha ein plan på korleis dei skal sørge for aktivitet og arbeidsplassar i bygget. Etablerte bedrifter må opplyse om følgjande i søknaden:

- Kort om bedrifta og kva den driv på med i dag.
- Talet på tilsette i dag, samt omsetning i 2022.
- Anslag på omsetning i 2023.
- Planar for framtidig utvikling av egedomen, på kort og lang sikt. Om det føreligg planar om å tilsette fleire folk, bør dette opplysast om.
- Prisen bedrifta tilbyr for aksjane.

Søknadar med bod skal sendast til post@bygland.kommune.no.

Om driftskonsept og utvikling av egedomen:

Kommunen skal leggje til rette for auke i arbeidsplassar, og for kommunen vil det viktigaste difor vere at interessenten kan dokumentere at den vil sørge for så mange fysiske arbeidsplassar som mogleg på egedomen. Konseptet må og vere i tråd med gjeldande reguleringsplan for området, som seier følgjande:

«I området skal det først opp bygningar for handverk og/eller industri med tilhøyrande anlegg.»

Om Nesodden Industribygg AS:

Selskapet eig ei tomt på om lag 17 dekar, og eit industribygg på 3050 m², der kontordelen utgjør 220 m² og industridelen utgjør 2830 m². Adressa er Nesmoen 25, 4745 Bygland, og heile egedomen er regulert for industriverksemd. Bygget vart oppført i 1976, og bygd på 840 m² i 2007. Takhøgde er cirka 4,5 meter i den gamle delen og 7 meter i den «nye». Slik bygget står no, er det avgrensa moglegheiter for oppvarming, dette er noko kjøparen må sørge for sjølv. Bygget har sprinklaranlegg som avgrensar reell arbeidshøgde i den gamle delen til 2,90 meter. Bygget har eit relativt stort vedlikehaldsbehov, og mellom anna bør alle vindauga skiftast ut, ein

lekkasje i taket må utbetrast og golva bør reparerast/rettast. Det bør og vurderast å bytte ut tekniske anlegg i bygget eller tilpasse dei til moderne drift. Bygget er også veldig stort og lite energieffektivt, som gjer at straumkostnadane er høge, med mindre kjøparen gjer ENØK-tiltak.

Kontaktpersonar:

Interessentar kan kontakte følgjande for nærmare informasjon om salet av aksjane:

- Sigbjørn Fossdal, ordførar Bygland kommune, tlf. 91 54 78 15
- John Sigridnes, kommunedirektør Bygland kommune, tlf. 99 09 46 63
- Knut Olav Forgard, styreleiar Nesodden Industribygg AS, tlf.41 66 83 08

Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:
www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html

Ledige stillingar

Bygland Kommune, Byglandsfjord

oppvekstsenter: Grunnskulelærar

Søknadsfrist **13.03.2023**. Webcruiter-ID: 4627088980



Om stillinga

På Byglandsfjord Oppvekstsenter er det ledig ei 100 % fast stilling som lærar på 5.-7.-trinn.

Byglandsfjord oppvekstsenter har barnehage, SFO og 1.-7.-skule. Skulen er fådelt, og har om lag 45 elevar. Lærarar og fagarbeidarar arbeider tett saman i team, med elevane sin trivsel, tryggleik og læring som felles mål. For skuleåret 2023-2024 er det dysleksivenleg undervisning som er hovudtema for felles kompetanseheving. Oppvekstsektoren i Bygland kommune er i ei spennande omstilling, og personalet med på å sette retning for ein berekraftig og framtidretta sektor.

Kontaktinformasjon

Hind Helene Harira, tenesteleiar, tlf. 481 80 180. e-post: hind.helene.harira@bygland.kommune.no

Bygland Kommune, Helse: Miljøarbeider, tilkallingsvikar

Søknadsfrist **16.03.2023**. Webcruiter-ID: 4629365252

Vi har ledig ei stilling som tilkallingsvikar som miljøarbeidar, deltid.

Kontaktperson: Kjersti Plathe, Tenesteleiar, tlf. 952 15 572

KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE - Bygdekinoen onsdag 22. mars

Kl. 17.30: KuToppen – På sporet

OMTALE

På KuToppen slit dei med avlinga. Ingenting vil gro der lenger. Kva om det fanst frø som kunne gro utan vatn og sollys, berre med litt tørr jord? Den geniale oppfinnargrisen Albert Einswein har med superfrøet sitt løysinga for KuToppen. Men ombord på det hypermoderne toget Metana blir frøet stole under mystiske omstende. Kven er den skuldige?

BILLETTPRIS 110 kr

FILMFAKTA

Regi: Will Ashurst. Språk: Norsk. Produksjonsår: 2023. Skodespelarar: Fritjof Såheim, Charlotte Frogner, Henriette Marø, Henriette Faye-Schjøll, Jon Øigarden, Mats Eldøen, Marit Andreassen, Jan Martin Johnsen. Sjanger: Animasjon /Familiefilm. Nasjonalitet: Noreg. Lengde: 1t. 9min. Aldersgrense: Tillate for alle.



Kl. 19.30: Shazam! Fury of the Gods

OMTALE

"Shazam! Fury of the Gods" held fram historia om tenåringen Billy Batson, som blir forvandla til sitt superhelt-alter ego Shazam. Med gudgitte krefter må Billy og resten av fosterbarna i gjengen læra seg korleis dei sjonglerer tenåringlivet med det å ha vaksne superheltversjoner av seg sjølv. Når Atlas sine døtre, ein hemngjerrig gudetrio, kjem til jorda på leiting etter magien som vart stolen frå dei for lenge sidan, blir Billy og familien Hans kasta inn i ein kamp for kreftene sine, livet, og heile lagnaden i verda.

BILLETTPRIS: 130 kr

FILMFAKTA

Regi: David F. Sandberg. Språk: Engelsk. Produksjonsår: 2023. Skodespelarar: Zachary Levi, Adam Brody, Jack Dylan Grazer, Helen Mirren, Lucy Liu, Rachel Zegler. Sjanger: Superheltfilm /Action /Eventyr /Komedie. Nasjonalitet: USA. Lengde: 2t. 10min. Aldersgrense: 9 år.



- **Onsdagsklubben i Årdalshallen for 5.-7. klasse:** annankvar onsdag (i partalsveker) kl. 19.00 – 20.30 (**midlertidig avlyst grunna brann i Årdalshallen.**)

Bygland ungdomsklubb (ikkje i skuleferien eller høgtider)

mån: 18.30-20.00, 5-7 klasse, Byglandshallen

mån: 20.00-22.00, 6-10 klasse,

Byglandshallen

ons: 19.00 - 22.00, 6 -10 klasse,

Byglandshallen

Klubbkvelder 1 gång/månad.

fre: 18.00 - 21.00, 5 -7 klasse, Årdalshallen.

lau: 19.00 - 23.00, 6 klasse – VGS, Byglandshallen



OBS! Vikarløysing i mars grunna sjukdom av klubbleiaren.

Følg med på Bygland Ungdomsklubb si Facebook-gruppe!

Tømekalender for Bygland kommune – mars 2022

- **Matavfall** og **restavfall:** veke 10: torsdag 09.03.
- **Papir og plast:** veke 12: tysdag 18.03.
- **Matavfall** og **glass/metal:** veke 8: torsdag 20.03.

Gjenvinningsstasjoner

Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (08.03.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (22.03.)

Syrtveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (11.03.)
Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 43:

Bilete: Framside: Byglandsfjorden sett frå Presteneset av Johannes Hansen. Innhald (m. m. anna er spesifisert): pixabay. com, S. Hegenscheidt, Anne Fauske. Kva skjer: S. Hegenscheidt. Takk til alle fotografer!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. **Korrektur:** Mari Rygg.
Byglandsnytt mars 2023: 31.03., skrivefrist 28.03.



Krafttak mot Kreft.
Vipps #411002
KMKBygland

Bygland Kommune, Helse: Helsesjuepleiar

Webcruiter-ID: 4631871463

Søknadsfrist: 22.03.2023



Vi har ledig ei fast 100% stilling som helsesjuepleiar.

Om stillinga

- Utøve teneste for born og ungdom etter til ein kvar tid gjeldane lovverk.
- Helsestasjonsverksemd
- Skulehelseteneste.
- Utarbeiding og utvikling av planar og rutinar for tenesta.

Kontaktperson: Kjersti Plathe, Tenesteleiar, tlf. 952 15 572

Informasjon om ledige stillingar i Bygland kommune finn du på heimesida www.bygland.kommune.no under meny punkt **Ledige stillingar**

Anna frå Bygland kommune

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023

Valdagen er 11. september, men allereie no må administrasjonen og politikarane



arbeide med førebuingane til valet. Det som er aktuelt no er listeforslaga.

Parti og grupper som ønskjer å stille ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 må ha levert listeforslag til valstyret i kommunen eller fylkeskommunen **innan 31. mars kl. 12.00**. Fristen for innlevering er absolutt, noko som betyr at listeforslag som kjem kommunen i hende den 31. mars kl. 12.01 må bli forkasta.

Ein ting som er nytt til dette kommunestyrevalet, er at listeforslag kan leverast via ei elektronisk løysing. Det er valfritt om ein ønskjer å bruke den elektroniske løysinga, eller om ein heller vil levere listeforslaget på

papir. Det er og mogleg å bruke ein kombinasjon av papir og elektronisk løysing.

For å opprette listeforslag i listeforslagsportalen kan ein sjå her: listeforslag.valg.no/ I denne lenka finn ein ei grei rettleiing på korleis ein gjer det.

Vil du vite meir om det å stille til val? Då kan du inn på denne lenka: valg.no/om-valg/stille-til-valg/

Økonomi / Næring

Eigedomsskatt 2023

Eigedomsskattelista vert lagt ut til offentleg ettersyn i tre veker frå den 28.02.2023



Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak vert det i 2023 skrive ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett, jf. eigedomsskattelova § 3 c. Det vert og skrive ut eigedomsskatt på det som tidlegare var definert som verk og bruk, jf. overgangsreglane til den nye eigedomsskattelova. Med heimel i eigedomsskattelova §15, vert eigedomsskattelista lagt ut til offentleg ettersyn i tre veker frå den 28.02.2023.

Skattelista vert lagt ut på kommunehuset og kommunen si heimeside: Skatteliste 2023.

Bygland eigedomsskattekontor

Helse

Krafttak mot kreft – 16. mars 2023

Krafttak mot kreft er Kreftforeningens årlege innsamlingsaksjon i kampen mot kreft, der over 20 000 frivillige bøsseberarar, organisasjonar, lag og bedrifter går saman om eit felles mål. I 2023 samlar me inn pengar til forskning på kreft med spreiding.

Over 300 000 menneske har eller har hatt kreft i Noreg i dag. 3 av 4 overlever, men mange kreftdiagnosar har ingen effektiv standardbehandling når kreften har spreidd seg. Håpet ligg i dei små og store framstega på forskinga.



Vipps bidraget ditt til #411002 KMKBygland

Problemstilling: Det elektriske anlegget i Austad kyrkje er veldig gammalt. Etter ein inspeksjon utført av elektrikar er konklusjonen at brannfaren er stor ved bruk av dette anlegget. Kostnaden ved oppgradering av anlegget er stipulert til om lag ein halv million kroner. Dette er mykje pengar, og det er pengar som soknerådet ikkje har. Heller ikkje kommunen har sett av pengar til nytt elektrisk anlegg i Austad kyrkje. Soknerådet har grunna dette kome fram til at ein ikkje har anna val enn å stenge kyrkja midlertidig. Dette var inga lett avgjerd, men ein såg ingen annan utveg. Soknerådet ønskte i folkemøtet å informere om konsekvensane av dette vedtaket og høyre kva folket i Bygland kommune meiner om dette.

Konklusjonen etter folkemøtet er at det er ønske om å verne om kyrkja på Tveit. Det er ønske om å jobbe med ei løysing rundt skifte av det elektriske anlegget og vidare vedlikehald av kyrkja. Deltakarane i folkemøtet saman med soknerådet håper ei oppgradering av Austad kyrkje kjem på plass.

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:

post@bygland.frivilligsentral.no

Info: bygland.frivilligsentral.no og på Facebook



Opne aktiviteter:

- **BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen)**, bua.io, tlf. 94 50 28 58
- **Utkøyring av middag** to gonger i veka
- **Besøksven** for eldre

Andre aktiviteter:

- **Seniorsenter:** annankvar måndag i oddetalsvekar, kl. 11.00 – 14.00, Pakkbua på Byglandsfjord (**13. og 27.03.**)
- **Bingo:** annakvar tysdag kveld kl. 18.00 – 20.00, Bygland frivilligsentral (**14. og 28.03.**)
- **Bygdemiddag:** annankvar tysdag kl. 16.30 – 18.00 (**07. og 21.03.**)
- **Open dag på Byglandsheimen:** kvar onsdag kl. 11.00-14.00
- **Styrketrening:** torsdagar kl. 13.00-14.30, Byglandshallen
- **Strikkekafé:** 1. og 3. torsdag, kl. 18.00 – 20.00 (**02. og 16.03.**)
- **Språkkafé:** annankvar tysdag (i oddetalsveker) kl. 12.00 – 13.00, Bygland frivilligsentral (**14. og 28.03.**)
- **Tysdagskafé:** annankvar tysdag kl. 12.00 – 14.00 (**07. og 21.03.**)

Kyrkjene i Bygland

Kyrjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

Kontakt

Sokneprest:

Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjevevjerje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelson: 977 19 173



Andaktar på Byglandsheimen i februar

- tysdag 07.03. kl. 14.00
- tysdag 21.03. kl. 14.00

Gudstenester (med atterhald)

sundag 12.03. kl. 14.00, Sandnes kyrkje, Åraksbø.

v/ Kjell Steinbru. Vonheim koret syng.

Årsmøte for Bygland og Årdalssokn

sundag 12.03. kl. 15.00, Åraksbø grendehus

Årsmelding og sak om justeringa for høgmessa.

Årsfest med servering.



Sandnes kyrkje, Åraksbø.
Fotograf: S. Hegenscheidt

Orientering om den nye ordninga for gudstenesta

Orientering om gudstenesta. I samband med kyrkjerådet sitt vedtak om justering av gudstenesteordninga som fann stad i 2020, skulle det også bli informert om dette på eit soknemøte. Pandemien gjorde dette vanskeleg. No tek vi ein gjennomgang av den justerte ordninga på årsmøtet den 12. mars. Møtet blir på grendehuset i Åraksbø rett etter gudstenesta som er i Sandnes kyrkje kl. 14.00.

Kyrkjerådet har gjeve ut mykje stoff om justeringa og anna stoff om gudstenesta som ein kan lese på kyrkjelyden si heimeside:

bygland.kyrkelyd.no

Midlertidig stenging av Austad kyrkje på Tveit

Tysdag 7. mars kl. 18.00 vart det halde folkemøte på Ose grendehus om midlertidig stenging av Austad kyrkje. 29 interesserte møtte opp. Dei fekk først orientering om saken av sokneprest Kjell Steinbru, for så å delta ivrig i diskusjonen rundt denne midlertidige stenginga.



Folkemøte om Austad kyrkje. Fotograf: Susanne Hegenscheidt

Vurderer du å bli fosterheim?

Bufetat har behov for fleire fosterheimar til både barn og ungdom. Vil du vite meir om kva det inneber å vere fosterheim?



Har du et engasjement for barn og ungdom?

Vi trenger flere fosterhjem til både barn og ungdom. Vi ser etter deg som kan gi trygghet, omsorg og god oppfølging – i en kortere eller lengre periode.

Vil du vite mer om hva det innebærer å være fosterhjem? Ta kontakt med fosterhjemstjenesten i Region sør, på telefon: **466 18 018**.



Du kan også bli med på et uforpliktende informasjonsmøte. **Skann QR-koden** for å se når vårt neste møte er.





Drøyer du om å bli vernepleiar?

Hausten 2023 kan du ta ei **nett- og samlingsbasert** vernepleiarutdanning frå UiA.

Søknadsfrist: 15. april
Studiestad: Evje



 **UiA** Universitetet i Agder

 Setesdal interkommunalt politisk råd

No kan du studere vernepleie der du bur

Hausten 2023 kan du ta ein bachelor i vernepleie på Universitetet i Agder og kombinere det med livet du har i Setesdal.

Søknadsfrist: **15.04.2023**



Foto: UIA

Om utdanninga

Vernepleiarutdanninga inneheld både eit helsefagleg og eit sosialfagleg perspektiv. Studentane vil få ein allsidig kompetanse som kvalifiserer til arbeid med alle aldersgrupper innan helse-, omsorg og velferdstenester.

- Alternative energikjelder
- Støtteordningar frå Enova

Digital synfaring med energirådgevar

Du kan avtale ei synfaring med ein energirådgevar som vil kunne hjelpe deg med smarte klima- og energiløysingar tilpassa bustaden din og husstanden sin økonomi. Dette er eit avgrensa tilbod. Gå til kalender for å finne ledige tider.

Energianalyse på nett

Verktøyet Energiportalen mogleggjer objektiv nettbasert energianalyse av bustaden din. Gå til energiportalen.no og søk opp bustaden din. Du får rettleiing på korleis du bruker portalen.

Kven står bak tiltaket?

Kampanjen er finansiert av Agder fylkeskommune og blir levert i samarbeid med kommunane i fylket.

Tenestene og rådgjevinga er levert av Simenergi AS og EEFY AS.

Kultur

Noregs Ungdomslag og Aust-Agder Ungdomslag inviterer til:

Grunnleggande instruktørkurs (dans), 25. - 26. mars, Arendal

Frist for påmelding: **17.03.**

Kurset er eit nasjonalt kurs som er ope for alle, både medlemmar av NU og ikkje-medlemmar.

Du vil få kunnskap om både turdans, runddans og bygdedans, med fokus på korleis ein kan lære bort dette. Du vil få prøve å lære bort sjølv og få attendemelding på din eigen instruksjon, med mål om å utvikle din eigen instruktørstil. Gjennom kurset lærer du metodar for å lære bort og leia norsk folkedans. Kurset passar både for nye og erfarne instruktørar.

Les meir om kurset:

facebook.com/events/567245738755832/?ref=newsfeed
eller ta kontakt med Rita: rita@ungdomslag.no



- Ein del kommunar gir også støtte til energisparetiltak. Sjekk med kommunen din om du kan ha krav på støtte.

Bygland kommune og Energiportalen informerer:

Gratis klima- og energirådgeving til deg som eig ein bustad

Bygland kommune tilbyr no gratis klima- og energirådgeving til innbyggjarane.



Foto: EnergiPortalen

Energirådgevinga omfattar:

- Energianalyse av eigen bustad på nett. Søk opp bustaden din på bygland.energiportalen.no
- Digital synfaring med energirådgjevar. Registrer deg for time med rådgjevar: agder.energiportalen.no

Rådgevinga skal bidra til at bustadeigarar brukar mindre energi og dermed og få ned straumrekninga. Å bruke mindre energi, eller gå over til fornybare energikjelder, er dessutan eit godt klimatiltak. I tillegg vil bustadeigarar med anna få råd om ladeløysingar for elbil og støtteordningar.

-Tilbodet er ein del av kommunen sitt arbeid med klima og energi. Vi skal bidra til kunnskapsbygging og legge til rette for at innbyggjarar skal kunne ta klimavennlege val, seier klimakontakt Even Simensen i Bygland kommune.

Gratis og uforpliktande klima- og energirådgeving

I 2023 gjennomfører Bygland kommune ei klima- og energirådgevingskampanje retta mot hushaldingar. Målet er å motivere bustadeigarane til å redusere energibruken i eigen bustad og ta klimavennlege val. Dette blir gjort ved bruk av energiportalen.no (på nett) og tilbod om digital synfaring med ein objektiv energirådgjevar.

Du kan m.a. få råd om:

- Lading av elbil
- Etterisolering av veggjar og tak
- Bygging av vindauger og dører
- Installering av varmepumpe
- Solceller
- Smart styring

Utdanninga er på deltid over 4,5 år, og er samlings- og nettbasert. I tillegg vil det vere krav om 30 veker praksis. Studentane vil få praksisplass i regionen dei høyrer til.

Kven kan søke seg inn på distriktsvenleg vernepleie?

Bygland, Bykle, Evje og Hornnes, Valle, Åseral, Iveland, Venesla*

*Kun Hægeland (postnummer 4720 og 4721) og Øvrebø (postnummer 4715)

Få meir informasjon om studiet på www.uia.no/distriktsvennlig-vernepleie

Byglandsheimen: Open dag på Byglandsheimen onsdagar kl. 11.00 - 14.00. Programansvarleg: Margit Smedsland, tlf. 90 22 55 03

- kl.11.15 - Stoltrim- tøy og bøøy
 - ca. kl.12.00 – Tema-prating, Vi ser ein filmsnutt eller les ei tekst og pratar rundt dette.
 - ca. kl.12.45- Bingo
- Det vil bli servert kaffe.

Drift og forvaltning

Årdalshallen er stengt (status 27.02.2023)

Årdalshallen er mellombels stengt grunna eit tilfelle av brann. Brannen blei raskt sløkt, men det er røyk- og sotskader i bygget.

Flaumsonkartlegging i Otra

Kommunestyret i Bygland vedtok i møte 9.2.23, sak 9/23 at Norconsult AS si flaumsonkartlegging datert 15.11.22 skal leggest til grunn ved sakshandsaming av plansaker og byggesaker i Bygland.

På Bygland kommune si heimesida finn du ein oversikt over prosjektet:

- Flaumkartlegging langs Åraksfjorden og Byglandsfjorden
- Oversiktskart
- Infrastruktur i vassdraget
- Damteikningar
- Frekvenskurver
- Batymetrioppmåling
- Vedtak Flaumsonkartlegging



Skogkurs.no informerer:

Digitalt kurs: Byggherre på skogsvegprosjekt

Skogkurs lanserer nytt digitalt kurs. Kurset alle skogeigarar som hyrer inn entreprenør til

veganlegg bør ha. For meir informasjon sjå: Skogkurs.no



Foto: privat

Direktoratet for byggkvalitet informerer:

Slik sparer du straum i gammalt hus

Er det huskaldt hos deg og trekkjer det kaldt frå vindauga? Med dagens straumprisar har me nokre smarte tips til kva du bør gjera om du slit med å halda varmen.



Foto: Carl M. Nordby for DiBk

Hus som er meir enn 40 år gamle, er mindre energieffektive og treng meir vedlikehald enn hus som er bygd dei siste 20 åra. Varme lekk gjennom gamle vindauga, vegger og tak. No som vinteren har kome, er det lite aktuelt å starta utvendig etterisolering av huset. Det bør du heller gjera i sommarhalvåret medan det er tørt og mildt vêr. Men det er likevel nokre smarte grep du kan ta for å få det varmare innandørs.

Byt tetningslistene

Med åra kan både vindauga og dører røre på seg og bli skeive. Gamle tetningslister kan bli både morkne og sprø, og dermed vil kulda siva inn. Om du opplever at det trekkjer rundt vindauga og dører og det er lenge sidan sist du skifta tetningslistene, så er denne staden du bør starte. Viss du ikkje har tetningslister, er det på tide å montere det.

Snø i vindaugskarm

Tetningslistene finst i fleire storleikar og er laga av ulikt materiale. Dette betyr at dei har varierende haldbarheit. Sjekk kor store sprekkane er før du kjøper tetningslista. Spør i butikken slik at du får den tetningslista som passar best hos deg.

Etterisoler rundt vindauga

Dersom det framleis trekkjer frå vindaugget så kan det vera at du har for lite isolasjon rundt vindaugsramma. Då bør du fjerne listene rundt vindaugget og leggja på ekstra isolasjon. Dytt inn strimlar med isolasjon slik at det blir tett, men ikkje stapp for hardt. Du bør også setja på tape

eller vindsperre utanpå isolasjonen. Dette vil gi godt vern mot trekk. Deretter set du på plass vindaugslistene igjen.

Etterisoler kaldloftet

Mange av oss har kaldloft med lite eller ingen isolasjon. Eit av dei enklaste og mest effektive tiltaka du kan gjera for å få det varmare inne er å etterisolera kaldloftet.

Du rullar rett og slett ut isolasjonsmattar over bjelkelaget. Er det allereie isolasjon på kaldloftet, kan han liggja dersom han ser fin ut, men bør skiftast dersom han har fått skadar eller er flatklemt. Hugs at isolasjonen ikkje skal gå heilt ut til veggen eller taket. Det skal vera ein gleppe ytst slik at det kjem frisk luft inn på kaldloftet.

Installer varmpumpe

Ei varmpumpe er ein effektiv måte å varma opp bustaden på. Ho vil ikkje fjerne trekken i huset, så for at han skal ha best mogleg effekt bør du tetta varmelekkasjane, slik me har beskrive over.

Det finst fleire typar varmpumpe. Den enklaste og rimelegaste varmpumpa å installera er luft-til-luft varmpumpe. Ho vil gi deg reduserte fyringsutgifter på sikt og er eit mykje rimelegare tiltak enn å etterisolera huset.

Alle varmpumper må monterast av ein godkjend installatør. Spør installatøren om kvar du bør plassera innedelen slik at du sikrar god sirkulasjon av lufta og dermed får varma opp mest mogleg av arealet i bustaden. Utedelen av varmpumpa må vera tilpassa vintertemperaturane der du bur.

Be om dokumentasjon

Hugs å be montøren om dokumentasjon både på varmpumpa og på sjølve monteringsarbeidet. Dokumentasjonen er nyttig ved service og vedlikehald av varmpumpa, dersom du skal melda ein skade til forsikringsselskapet eller for verdifastsetjinga av bustaden din. Dersom dokumentasjonen er digital, bør du lasta den opp i Boligmappa eller ei anna digital løysing.

Ønskjer du fleire oppussingsråd, kan du lesa meir på smartereoppussing.no

Sjekk om du kan få støtte til tiltak:

- Enova gir støtte til fleire energi- og klimatiltak. Sjå kva du kan søkja støtte til hos Enova: enova.no/privat/alle-energitiltak/